

KYRKJEBLAD



for SØR-FRON

NR. 1

VINTER 2013

ÅRGANG 58



“I de hand er mine tider”

Kor merkeleg er ikkje dette ordet frå Salme 31,6? Tenk ikkje åleine framtida opnast opp for oss, men også fortida får vi tilbake gjennom syndsforlating. Gud frir oss frå det som måtte trykke og tyngje oss ned, så fortida gjerast god igjen og framtida fyllast med lyse utsikter.

Men fyrst og fremst gjer han mennesket nærverande her og no.

Det er nemleg ikkje ego, men livet som kjem til jord med hans fødsel i jula. Sameleis er det livet og ikkje ego, som oppstår frå dei døde med hans oppreising påskemorgon. For livet kan romme egoisme, men egoismen kan aldri romme livet. Livet er relasjon til Gud, kor vi mottek skapargodene - og til mennesket som vi delar dei med.

Inkarnasjonen viser oss at kristendomen er ein historisk religion. Noko må skje, før det kan ropast utover. Grekarane levde mest i rommet gjennom synssansen. Dei modelerte sine gudar synlege for augo. Hebrearane lever meir i tida utfrå medvitnet om at Gud hadde fridd dei ut or Egyptens trelldom. Dermed byrja dei å tru på utvikling gjennom det som hender. Då må du lytte til Guds skaparord. For lyden tek som kjent tid.

Det er særleg Lukas som legg vekt på historia: “Det skjedde i dei dagar”. For Guds lovnader bestemmer framtida, og framtida fins i historia, seier evangelisten. Difor er der frelse i historia. Det tristaste profeten Jesaja kan tenkje seg, er: “Det folk som ingen morgonraude har”. Då er alt vonlaust, uten spor av godt i vente. I Nytestamentet rykkast det motsette tett inn på oss: “I tidas fylde sende Gud son sin, fødd av ei kvinne, fødd under lova.” Med andre ord: Framtida startar med Jesus. Med han er det evige steget inn i tida. Vi kan byrje å leve i dag!

Dette skulle vere god medisin for Vestens psyke. For er det noko som pregar vår livskjensle, er det framtidsjaget. Det rir oss som ei mare. Fyrst må eg gjere det, så må det hende, og så må vi nå dit, før det kan bli noko verkeleg liv. Sterkare og sterkare blir tidspresset, og fortare og fortare skal alt gå. Men då blir tru - å slappe av!

Her kan Johannesevangeliet hjelpe oss på vei. For det er dei siste ting i tilværet som er rykka nær oss med Vårherre: Dom over urett, frelse frå nød, oppstode og evig liv. I trua går vi over frå døden til livet alt no. Verdas undergong og Guds endelege rike kjem nok, men løysinga ligg allereide svanger i kross og krybbe og det ordet vi gjøymmer i hjarte. Ei dobbel gjerning går altså føre ifylgje Bibelen. Gud skaper himmel og jord - side om side med at han openberrar si frelseshistorie for menneske. Så står der også i Det gamle testamentlege Credo for generasjonane etter Moses: Ikkje våre fedre, men “Oss førte Herren ut or Egypt”. Sameleis seier Paulus: “Er vi døde med Kristus, trur vi og at vi skal leve med han”. Er det ikkje dette Kierkegaard kaller å vere samstundes med Jesus? Jau, Gud går inn i vår tid, dermed kan vi møte han i våre levedagar. “For i dag er nådens tid, i dag er Gud å finne”.

I staden for at religion er opium for folket som får oss til å flykte frå kvardagen, som Josef Stalin hevdar, skjenkar dette oss kraft til å hanskast med vanskane. Gud er nemleg med oss. Han sviktar ingen i nokon situasjon, men gjev oss styrke til liv og arbeid gjennom sitt gode nærver. Ja, sjølv om den krisa som no rammar Europa skulle nå oss etterkvart, kan trua gjere lidingane våre til ein kross som lyfter oss. Så må Gud ikkje flytte lysestaken frå vårt kjære land, men velsigne unge som gamle, innvandrarak som etniske nordmenn i det nye året vi er trådt inn i! Vi bed med diktaren Jonas Dahl:

“Altets bærer uten bånd sår du ut med allmakts hånd: Undere på himlens hvelv, undere til sjelens grunner. Men o Herre største under er og bliver dog du selv. Kom oss nær i nåde nær. Fader vår i Kristus vær! Bøy i din enbårne Sønn tid og evighet tilsammen. Han er frelsens ja og amen. Bøy ditt hjerte til vår bønn!”



Fagert er landet

Takk til Kristin Elde for utfordringa i serien "Salma mi".

Dette blir både eit vanskeleg og eit lett valg. Vanskeleg av di eg som kyrkjetenar høyrer så mange fine salmer frå salmeboka vår. Dei mange dåpssalmene vi har likar eg særst godt.

Går eg attende til mine oldeforeldre og besteforeldre som opplevde to verdskrigrar og unionsoppløysing, og mine foreldre som

opplevde ein verdskrig, ser det ut til at eg skal sleppe desse lidingane. Dei slapp likevel den terrortrusselen som heng over oss i dag.

Valget blir lett når eg tenkjer på landet som vart mitt fedreland.

Den tida eg er tildelt på jorda kan det ikkje bli anna enn Anders Hovden si salme "Fagert er landet" som er mi salme.

*Fagert er landet du oss gav,
Herre, vår Gud og vår Fader!
Fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader,
signar vårt land i nord og sud;
såleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.*

*Likjest vårt folk i mager jord
skjelvande blomen på bøen,
står utan livd i vind frå nord
tett innmed kanten av snøen.
Herre, du ser med miskunn ned,
folket vårt gjev du livd og fred,
er oss så kjærleg ein Fader.*

*Her ned i grunnen sveitten rann
trufast åt fedrane våre.
Her dei sin heim og hugnad fann,
dogga med smil og med tåre.
Her har det flødt ei såkornflod
varm av vårt beste hjarteblood,
her har me grorbotn å veksa.*

*Tidi ho renn som elv mot os,
fort skifter sumar med vetter.
Fader, ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter!
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flud,
lær oss å gå dine vegar!*

*Signa då, Gud, vårt folk og land,
Signa vårt strev og vår møda,
Signa kvar ærleg arbeidshand,
Signa vår åker med grøda!
Gud utan deg den vesle urt
Veiknar og visnar, bleiknar burt,
Ver du oss ljuset og livet!*

Eg utfordrer Marit Nyhus til å kome med si salme i neste kyrkjeblad.

Venleg helsing Arild Magne Larshaugen

Takk til menighetspedagogen!

Hanne Elisabeth Knutsen har vore i trusopplæringsarbeidet i Sør-Fron i 5 år. Ho kom frå jobb i barnehagen og går nå attende dit. Den ledige jobben som avdelingsleiar i Ruste barnehage vart for vanskeleg å seie nei til.

Hanne har bodd i Sør-Fron sidan ho var 10 år og kjenner bygda godt. Ho bur på Harpefoss med familien sin: mann, to jenter (21 og 10 år) og ein hund.

Gjennom sitt blide vesen og gode lag med ungar har Hanne halde oppe og utvikla trusopplæringa i Sør-Fron. Ho har lagt til rette og gjennomført tiltak for aldersgrupper frå 0-1 år og opp til konfirmasjon. På ein naturleg og fin måte har ho tatt imot nye grupper, vunne tillit, lytta, gitt dei oppgåver og lært dei om den kyrkja dei er døypte inn i.

Vi spør kva Hanne har lagt mest vekt på i arbeidet.
Ho svarer: – Eg har lagt vekt på å fortelja dei mest kjende bibelforteljingane på eit nivå tilpassa barnegruppa sin alder, lagt vekt på at dei skal bli kjent med kyrkja som eit hus og fortalt om dei heilage

handlingane, altså sakramenta dåp og nattverd. Det er og viktig at ungene får ta del i og vera ein del av gudstenesta.

Kva har du likt best?

– Det er mange ting, men møte med nye menneske er alltid spennande. Eg har vorte kjend med menneske frå heile bispedømmet. I tillegg har eg vorte kjend med kyrkja på ein ny måte og sett at ho kan brukast til så mye.

Eg likar godt å undervise og syns det er spennande å møte ei ny barnegruppe og bli kjend med dei og foreldra deira. Når vi da i fellesskap kan øve på sanger/ tekster og flette det inn i gudstenesta, gjev det ei stor glede og ei kjensle av å vera ein del av noko større.

Korleis vil du karakterisere kyrkjelivet her i Sør-Fron?

– Kyrkjelyden i Sør-Fron er ikkje vond å be når ein treng hjelp til noko frivillig arbeid. Foreldra er flinke til å stille opp og vera med ungene på kyrkja sine tilbod.



Hanne får takk og roser av barna.



....og fra stab og samarbeidspartnere.

Du har og samarbeidd med andre utanfor soknegrensene. Kan du seie litt om det?

– Eg har hatt eit kjempegodt samarbeid med trusopplærar Britt Ninni Fossli i Nord-Fron og Randi Bakken på Sel. Vi har hatt faste treff der vi har fått utveksle erfaringar, planlagt og støtta kvarandre. Vi har og reist i lag på kurs.

Nå er det ny ordning på gang når det gjeld organisering av trusopplæringa. Blir det betre, eller...?

– Tja...Eg veit ikkje, men dei økonomiske rammene blir krympa. Prostiet blir nå sett under eitt og det må truleg bli samarbeid med andre kommunar, kanskje Ringebru, for å kunne behalde ei levelleg stilling.

Har du noko ynskje, eller noko å seie til dei som skal føre arbeidet ditt vidare?

– Eg håper at det blir mogeleg å fortsetja med noko av det som eg har gjort.

4-årsboka med adventsstunder i forkant og dåpsskulen, som blir avslutta med utdeling av 6-årsboka, er gode tiltak som har lang tradisjon i bygda. Eg håper og at ungane fortsatt kan vera med og delta i gudstenestene.

Vi som har samarbeidd med deg vil få takke deg, Hanne, for det du har sådd i unge sinn om Guds kjærleik og omsorg. Takk for formidlinga om kyrkja som ein varm og inkluderande stad for store og små. Vi kjem til å sakne deg i fellesskapet, men ynskjer deg alt godt og Guds signing i det nye arbeidet.

Eit tekstord frå 1. Korinterbrev, kap. 3 vil vi få sende med deg vidare:

***Den som plantar og den som vatnar er eitt,
men dei skal få løn, kvar etter sitt eige arbeid.
For vi er Guds medarbeidarar,
de er Guds åkerland, Guds bygning***

- og ei bøn frå Norsk salmebok:

***Gi oss da lykke med plantingens møye,
vis oss de sanneste veier å gå!
Livets den rike velsignelses kilde
gyte du over din kirke i nord.***

Adventsamlinger med 4-åringene

30 fireåringar fikk kirkeboka si under gudstjenesten søndag 2. desember.
Under gudstjenesten deltok ungene med fin sang.



Vi har hatt 3 samlinger i kirken og i kapellet fra kl.17.45-19.00.

Her snakka vi om "Jesus og barna", vi snakka om engelens møte med Maria, og barna fikk se juleevangeliet dramatisert på flanellograf.

På alle samlingene sang vi og lagde figurer som til slutt ble ei enkel julekrybbe i leire som barna fikk med seg hjem.

Som avslutning på hver samling tok vi oss tid til saft og boller.

Takk for ei trivelig stund sammen med dere.

Hilsen menighetspedagog Hanne E Knutsen

Dåpsskole 2013

Førsteklassingene har vært med på årets dåpsskole som har gått over fire torsdagskvelder.

Vi har hatt to samlinger i januar og to i februar. Temaet har vært kristuskransen, en perlekrans der vi har tatt for oss noen av perlene og knytta de opp mot ulike bibelfortellinger.

Vi snakka om "Den bortkomne sauene", Bartimeus, og de fire store dagene i påska.

Barna har blitt kjent med kirkerommet og vi øvde godt på spesielt en sang som vi sang under gudstjenesten den 17. februar.

Noen av barna deltok også med høytlesing av perlebønner.

Etter hver samling har vi kost oss med saft og boller. Tredje kvelden hadde vi langbord med kveldsmat slik Jesus hadde skjærtorsdagen med sine venner.

Takk for ei trivelig stund sammen med dere.

Hilsen menighetspedagog Hanne E Knutsen.

Barnehagene i kirken, jula 2012

Barnehagene ble også sist år invitert til ei julevandring i kirken før jul.

De fikk brev i forkant av besøket, der de ulike rollene til julespillet skulle fordeles, og noen hadde øvd på replikkene før de kom.

Vi sang julesanger og spilte gjennom juleevangeliet.

Takk for ei fin førjulsstund sammen med dere.

*Sogneprest Magnar Elde og
menighetspedagog Hanne E Knutsen.*



Ny salmebok

Prosessen med å autorisere ei ny salmebok for Den norske kyrkje går ikkje føre seg heilt på same måten som før. Den forrige blei godkjend ved kongeleg resolusjon 29. juni 1984- slik tidlegare bøker til kyrkjeleg bruk har fått godkjenningstempel frå Kongen og styresmaktene. No er liturgisaker overført til demokratisk valde kyrkjeorgan. Biskopane uttalar seg om den teologiske læra i salmane. Kyrkjerådet sender saksdokumentet over til Kyrkjemøtet. Den nye salmeboka blei her autorisert i april 2012. Salmeboka skal utjevast til hausten og får tittelen "Norsk salmebok 2013". Boka inneheld 899 nummer med til saman 1079 tekstar. I tillegg kjem det eit utval av bibelske salmar og liturgiske ledd.

Det overordna perspektivet har vore at utvalet av salmar skal dekkje behovet til samtlege sundagar i kyrkjeåret, alle typar messer, høgtider, dåp, nattverd, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Boka

skal fyrst og fremst tene gudstenestelivet, dernest skal ho vere eit bidrag til andaktslivet i familie og for einskildmenneske. Målet er å ta vare på salmeskatten som er eit umisteleg arvegods frå oldtid, mellomalder og moderne tid i norsk og nordisk språkdrakt. Samstundes gjer nye trendar seg gjeldane med eit breitt spekter av sjangrar både tekstleg og musikalsk frå klassiske korallar og religiøse folketonar til lovsongar, spirituals, Taize- og lona-songar og salmar på nord- og sørsamisk, lulesamisk og kvensk. Det siste er aktualisert gjennom at Norge no har fått den fyrste kommuna i landet med kvensk som offisielt forvaltningspråk; nemleg Porsanger. Temaene omfattar også arbeidsliv, pilegrimsvandring og trusopplæring. No står dei gamle gode salmane side om side med nye som er komne til. Resultatet vitnar om at kyrkja er grunnfesta både i lokalmiljøet og i eit verdsvidt fellesskap.



Før arbeidet med å skjære ned på talet av salmar tok til, valde prosjektgruppa å "frede" ei lang rekkje salmar som gruppa reikna med det var allmenn semje om å føre vidare: "100 umistelege salmar". Ikkje alle endringar er blitt like godt mottekne. Eit døme på det er "Her kommer dine arme små" som no er tilbakeført til si opphavslege norske omsetjing. I nokre høve har det vore ynskjeleg å justere utvalet av strofer, noko som stort sett tyder forkorting av salmane, men ikkje alltid. Det er døme på at vers som var tekne ut i Norsk salmebok, no er på plass att. Når det gjeld salmedikttrar, er det ein som har vore heia fram atskillig meir enn andre. Det er Elias Blix, mannen som skapte nynorsk salmedikting. No kjem det fire fleire originale Blix-salmar enn i forrige forslag.

Bilde DSC 0105

Vi lever i ei verd der kyrkjelivet blir jamt meir internasjonalt. Det fleirkulturelle Norge har teke form sidan siste salmebok. Folk med bakgrunn frå andre land er eit stadig meir synleg innslag i

gudstenestene våre, og norske kvinner og menn er oftare til stades på gudstener i andre delar av verda. Dette er med på å opne for salmesong på fleire språk frå vår fargerike kyrkjefamilie, eksempelvis frå Midtausten, Afrika og Latin-Amerika. Mange som søker gudstenestene våre møter noko kjent i engelskspråklege salmar. Såleis kan dei ta del i gudstenesta før dei har lært eit ord norsk. For mange norske ungdomar er engelsk eit songspråk dei er fortrulege med. Av salmane på norsk er 61% bokmål, 39% nynorsk og 15 salmar på kvart av dei tre samiske språka og kvensk.

Den teologiske dimensjonen i tekstane skal relatere seg til Faderen, Sonen og Den Heilage Ande og seie noko om tilhøvet mellom Gud og menneske og til det øvrige skaparverket og frelsargjerninga. Oslo biskop Ole Christian Kvarme uttalar: "Vår konklusjon er at framlegget som ligg føre, vil bli ei god salmebok i tråd med vår evangelisk-lutherske tru."

M.E.



...det er fastetid...

Mange tenker seg kanskje at fasten begynner med fastelavnssøndag, men fastelavnssøndag er festdagen før fastetiden begynner, som innledes med Askeonsdag og varer i 40 dager til og med påskeaften, minus søndagene, som ikke er fastedager.

Førti dager er et tradisjonelt tall som er knyttet til disiplin, hengivelse og forberedelse i Bibelen. Moses var på Guds fjell i førti dager (2 Mos 24,18 og 34,28), speiderne var i landet førti dager (4 Mos 13,25), Elias reiste i førti dager før han kom til hulen hvor han hadde sin åpenbaring (1 Kong 18,8), Ninive fikk en frist på førti dager til å angre (Jonas 3,4) og, viktigst, før han begynte sin gjerning var Jesus førti dager i ødemarken mens han fastet og ba (Matt 4,2).

Fastetiden har flere fokus, som delvis henger sammen med dens historiske opprinnelse.

Søndagstekstenes motiver: Jesu kamp og seier over djevelen og det onde på de første søndagene, via brødunderet ved midtfaste, til konsentrasjonen om lidelseshistorien i pasjonstiden, peker tilbake på fastens opprinnelse som en forberedestid for katekumenene, de som skulle døpes på påskennatt. Påbudet til disse om å leve i faste og bønn i innføringsperioden ble etter hvert overtatt av hele kirken.

En annen meget tidlig skikk var at de som had-

de gjort seg skyldig i en grov synd som krevde offentlig bot startet sin botsperiode på onsdagen før første søndag i fasten, som dermed ble Askeonsdag. Kandidatene kledde seg i botsklær, og ble overstrødd med aske, mens biskopen sa til dem: *Memento homo, quia pulvis est et in pulverum reverteris; age pœnitentiam ut habeas vitam æternam* (Kom i hu, menneske, at du er støv og skal vende tilbake til støv; gjør bot så du kan ha evig liv). Deretter ble de botgjørende på til dels dramatisk vis drevet ut av kirken, slik Adam og Eva ble drevet ut av paradiset. Gjenopptagelsen i fellesskapet skjedde på Skjærtorsdag.

Heldigvis, får vi vel si, har det skjedd en del med botspraksisen siden oldkirken. Ikke bare fordi dette var en svært streng og stigmatiserende praksis, men også fordi erkjennelsen i kirken av at vi alle trenger daglig å gjøre bot, er blitt mer fremtredende. Ikke minst gjelder det i luthersk sammenheng; Luther selv la stor vekt på den daglige omvendelsen (boten) som fortsettelse av dåpen.

I tidligere tider ble budet om å faste, det vil si holde seg fra mat og drikke, tatt både bokstavelig og alvorlig, helt opp i forrige århundre kunne man oppleve fastetradisjoner i enkelte norske bygder. I vår tid er fasten først og fremst en tid for stillhet og konsentrasjon, som forberedelse mot påskehøytiden.

Profeten Jesaja beskriver i kap. 58 fra vers 5 den rette fasten:

*Er dette den fasten jeg har valgt,
en dag da mennesket plager seg selv,
bøyer hodet som et siv
og legger seg i sekk og aske?
Kaller du dette for faste
og en dag etter Herrens vilje?*

*Nei, dette er fasten jeg har valgt:
å løse urettferdige lenker,
sprengte båndene i åket,
sette undertrykte fri
og bryte hvert åk i stykker,*

*å dele ditt brød med sultne
og la hjelpeløse og hjemløse komme i hus.
Du skal se til den nakne og kle ham,
du skal ikke snu ryggen til dine egne.*

*Da skal lyset bryte fram for deg som morgenrøden,
brått skal helbredelsen komme.
Din rettferd skal gå foran deg
og Herrens herlighet følge etter deg.*

*Da skal du kalle, og Herren skal svare,
du skal rope, og han skal si: «Her er jeg!»
Om du tar bort hvert åk hos deg,
ikke peker med fingrene og snakker ondskapsfullt,*

*om du gir av ditt eget til den sultne
og selv metter den som lider nød,
da skal ditt lys gå opp i mørket,
din natt skal bli som høylys dag.*

Kilde: Den Norske Kirke.

Konfirmantleir i Håkons Hall

8.-10. februar 2013

Tema: HEKTA

Fredag ettermiddag kl.17.00 reiste 36 forventningsfulle konfirmanter og 2 voksne fra Sør-Fron til Lillehammer, for å være sammen med ca.800 andre konfirmanter på leir i Håkonshall.

Da vi kom fram ble vi tatt imot på bussen av ungdomsledere som delte ut deltagerarmebånd og infohefter til oss. Etter at vi hadde rigget oss til på de ulike basene hvor vi skulle sove, fikk vi servert kveldsmat nede på gulvet i hallen.

Kl. 20.15 samla alle seg utenfor Håkonshall for å gå ifølge opp til Lysgårdsbakken der åpningsshowet skulle finne sted. Der var det dans, sang og høytidelig åpning av biskop Solveig Fiske og tenning av OL ilden. Det hele ble avslutta med et voldsomt flott fyrverkeri, før alle gikk i fakkeltog ned til Håkonshallen igjen.

Laurdag morgen ble ungdommene vekket til musikk fra høytalerannlegget i hallen. Etter frokost gikk de i hver sin gruppe for å ha bibelundervisning.

Etterpå var det felles program der Eivind Arnevåg holdt tale til ungdommen om hva det vil si å være hekta. Eivind fortalte at han var hekta på fotball, (har spilt for Vålerenga og vært proff i Lillestrøm). Han fortalte også at han var hekta på Jesus.

Anne Flugstad deltok også; godt og levende fortalte hun bibelhistorier. Deretter reiste ungdommene ut på de forskjellige aktivitetene de hadde meldt seg på.

Til kvelds ble det servert taco på gulvet i hallen.

For å delta på Uganda-markedet måtte ungdommene veksle inn pengene sine i ugandiske shilling (5 NOK).

Det ble samla inn kr. 25.000,- som skal gå til en helseklinikk som HEKTA/KRAGERØ-prosjektene støtter. Etterpå var det festkveld med sang, video fra dagen, og taler. Kvelden ble avslutta som på fredag



I Håkons Hall.

med klemmekø og nattmat med gruppeleder på basen

Søndag ble ungdommene vekket på samme måte som på lørdag. Etter frokost var det samling i bibelgrupper. Kl.11.00 startet ungdomsgudstjenesten. Denne gudstjenesten ble filmet og ligger ute på NRK Nett-TV.

Stian Sopp åpnet hele gudstjenesten med spill på Marimba. Han er et av Norges største talenter på dette instrumentet og har fått stipender. Her deltok også biskopen, prestene fra de forskjellige menighetene, Eivind Arnevåg, Anne Flugstad, ungdomsledere, gruppeleder og 4 gutter fra Kongo. Etter gudstjenesten var det kirkekaffe/lunsj, deretter forskjellige aktiviteter.

Da de kom tilbake fikk de servert hamburgere til middag, før hele helgen ble avslutta med et kjemp fint program der vi fikk se bilder og video fra hele helga.

Takk for en kjemp fin tur. Det var veldig fint å være på tur sammen med dere. Tusen hjertelig takk til dere foreldre som stilte opp som frivillige og gjorde en kjemp innsats med nattevakt og matserving.

Mvh. Magnar Elde og Hanne Elisabeth Knutsen



Ilden tennes...




Fyrverkeri!




Primo vere

Konsertserie med kor fra
Gudbrandsdalen i Sør-Fron kirke

Kom i vårstemning med god og spennende korsang!

13 mars  Norsk Et lite kor, Sør-Fron barnekor,
Vågå Sangkor og Ranglarkampen Kamferkor

9 april  Ringebu Sangkor,
Lesja og Lesjaskog Sangkor

21 april  Sør-Fron Sangkor, Sel Sangkor,
Lesja barnekor

*Konsertene er gratis
og vi ønsker deg
velkommen!*

kl. 19.00



Se annonser på

www.facebook.com/sorfron.kirke

www.kirken.sor-fron.no og i lokalavisene

En frøning som sette spor...

Tekst Karl Olsen

Ole Jacobsen blei fødd 15. februar 1825 på ein husmannsplass under garden Vistad i Fron. Faren døde da Ole var 8 år, og mora tok med seg barna og flytta nordover. Ho fikk arbeid som "tenestepige" på ein gard på Leinstranda. Ho vart gift Laulo, og Ole tok da også dette namnet.

Ole var gjetargut i mange år, ofte hadde han med seg tollekniven ute i gjetarskogen, og folk la tidleg merke til det gode handlaget han hadde med kniven. Han laga fine og underlege fantasi-figurar av tre-emne han fann i skogen. I vaksen alder vart Ole gift og busette seg på Leinstranda. Han og kona Ellen fikk etter kvart 11 barn. Ole prøvde å forsørge seg og familien som skreddar, som var det mest akta handverket på bygda på den tida

I ein artikkel om Ole J. Laulo skriv overlærer E. Brodahl: " Dette med kunstneriet syntes hans nærmeste var noget tull og ikke noget at leve av, – men kjøpmann Moses i Trondhjem fikk se noget av hans træ-skårne sager, og oppmuntret han til å fortsætte med dette arbeide." Til Trondheim kom han av og til med utskorne figurar tredd på ei snor, stilte seg opp på Torvet og prøvde å selje dei små kunstverka sine. Han var innom Tromhjems Tegneskole fleire gonger, og vart straks lagt merke til av lærarane der. Etter diverse fullførte arbeid fikk han løfte om stor pengestøtte, og i 1854 han kunne reise til Christiania og utdanna seg vidare. På ei "utstilling av industri- og kunstprodukter" fikk han Kong Oscar I medalje i bronse. Stipendiær hjelpte han til studiar i København. Der vart han kjend med bilethoggaren Thorvaldsens kunst, som kom til å gi Ole sterke impulsar.

Tanken på kona og barneflokket tyngde han sterkt, og nye problem kom til etter kvart som han søkte trøst i flasker. Han reiste tilbake til Trøndelag og fikk arbeid ved restaureringsverkstaden til Nidarosdomen. Denne stillinga hadde han i mange år. Skapartrongen og den kunstneriske evna hans kom til uttrykk i mange fine ting i denne tida. Eitt av dei vakraste arbeida hans vart utført til kroninga i Trondhjem i 1860. Det var ei utskore ramme til ein stor spegel som "damene i Tronhjem" ga til dronning Louises toilettrom i Stiftsgården.

Etter kvart vart Ole Laulo kjend som ein god treskjærer og kunstnar, og han fikk no stadig nye



Dåpsengelen i Levanger kirke.

oppgåver, særlig frå sossieteten i byen som ville ha vakre utskjæringer, pene kunstverk og møblar. Enkefru Jelstrup på Mo gård i Levanger ville gi ei gåve til den nye kyrkja, og Laulo fikk spørsmål om å lage ein døypefont. Tydeleg inspirert av Thorvaldsens kjente engel med muslingskall i Vor Frue Kirke i København gikk han løs på oppgåva. Døypefonten sto ferdig i 1869. Dåpsengelen i Levanger kyrkje er ein sitjande engel med eit forgyldt fat i fanget. Kyrkja i Levanger var herja av brannar både i 1877 og 1869, men dåpsengelen vart redda begge gongene, og står i dag i kyrkja som er frå 1902

Noen år seinare fikk Laulo spørsmål om å lage døypefont til Sakshaug kyrkje. "Det er en staaende Englefigur, der holder et indvendig forgyldt Fad. Det hele er meget smukt arbeidet og tager sig særdeles godt ud. Efter sigende skal Englefiguren koste 400 Kroner og fadet 80 Kroner". Kristian Volan og hustru Elen ga døypefonten til kyrkja i samband med gullbryllaupet deira i 1878.

Både i Leines og Steigen finn vi døypefontar som Ole Laulo skapte.



Ole Laulo har og skore 6 skulpturar "til pry-delse" på preikestolen i Sakshaug kyrkje. Det er dei fire evangelistane Matteus, Markus, Lukas og Johannes, kvar med sine symbol, og på sidene Moses med steintavlene og David med harpa.

Etter kvart fikk Laulo store helseproblem, og dei siste åra levde han sjuk og fattig "anbragt på landet" fleire stader i Trøndelag. 29.juli 1901 blei han gravlagt på Tilfredshet kirkegård, og (sitat): "- her findes treskjæreren Ole Jacobsen Laulos ned-sunkne og uskjøttede grav."

Kilder: Sigrid Haavik, Inderøy
Eli Lunnan, Levanger

Dåpsengelen i Sakshaug kyrkje.

Eldrefesten på Midtbygda oppvekstsenter 11. januar 2013

Eldrefesten på MOS var også i år eit positivt og populært arrangement. Besteforeldre, oldeforeldre, tanter, onklar og eldre elles i kretsen kom, i alt 140 i talet.

6. klasse ønskte gjestene velkomne ute, og synt dei plass for å hengje av seg ytterklede.

Underhaldninga frå elevane hadde i år tema vennskap. Alle klassene hadde kvart sitt innslag. Det var mellom anna song, diktlesing, dramatisering av eventyret " Oskeladden og dei gode hjelparane". 7. klasse hadde laga ei

kavalkade av nyheitsåret, med innslag frå kjendisar, politikarar og dei kongelege. Underhaldninga vart runda av frå scena med felles song av "Vi tenner våre lykker" og "Adeste Phideles."

Den vel halvanna time lange underhaldninga gjorde folk kaffetyste. Ungane sat saman med gjestene sine. Serveringa var i år, som tidlegare år, bollar og Sør – Fronskake. Praten gjekk livleg rundt borda, og både store og små synest det var triveleg å treffast i eit slikt høve.

Agnethe Skattebo



På Midtbygda oppvekstsenter inviterte elevane til fest.



I kaffepausen gikk praten.

Konfirmanter i Sør-Fron kyrkje

19. mai 2013

Eline Stenseng Almehagen, Julie Beckstrøm, Astri Berge, Hanne Bjørnstad,
Hanna Juul Christiansen, Camilla Wangen Evjevik, Sofie Frithjofsen, Elin Helle Haugstulen,
Marte Ringen Jøråsen, Linn Kristel Kristiansen, Chinook Lamers, Kristin Smedby Myrvang, Amalie
Nystuen, Marit Rolstad, Ina Johanne Jansen Skogstad, Helene Ungstad Skriubakken,
Ida Bagge Stormo, Kathrine Lien Suleng, Hanna Teige, Helene Trettengen,
Ida Ånsløkken.

Robert Isene Aaneke, Sigurd Dahl Bjørnsgård, Jostein Løkkhaug Fossehagen,
Knut Ole Fossehagen, Martin Karenstuen, Jan-Magne Falkenhaus Molvik, Jon Muriteigen, Amund
Noet, Iver Andreas Fosse Ramstad, Morten Rolstad, Boye Rønningen, Egil Sagranden, Simen Skurdal,
Erlend Strand, Per Sindre Thorvaldsen, Christian Enget Vangen, Eskil Volberg,
Martin Været, Andreas Wangen, Emil Wassrud.

Konfirmantplan, våren 2013



- Januar** 22. Alle møter kl. 16. Info om leir
29. Kl 16 / 17 undervisning
- Februar** 5. Kl 16 / 17 undervisning
8.-10. Konfirmantleir på Lillehammer
12. FRI
19. Kl 16 / 17 undervisning
26. FRI (Vinterferie)
- Mars** 5. Alle møter kl 16.00, besøk fra Kirkens Nødhjelp
12. Kl 16 / 17 undervisning
19. Fasteaksjon. Alle møter kl. 17.00 på kirkekontoret
26. FRI (påskeferie)
- April** 2. FRI (påskeferie)
9. Undervisning
16. Undervisning
23. Undervisning
30. Alle møter kl. 16.00 Kappesprøving og øving til konfirmasjon
- Mai** 5. Kl 11.00 Samtalegudstjeneste
19. Kl 11.00 Konfirmasjon

Helsing Sokneprest Magnar Elde.

DET SKJER!

**VELKOMEN TIL KYRKJELYDEN
SITT ÅRSMØTE**

**I SØR-FRON KAPELL
SØNDAG 7. APRIL KL. 18.00.**

Kunstnerisk innslag
ved skodespelar Morten Jostad:
"Søren Kierkegaard 200 år"

Ellers: Årsmøtesaker, musikk og servering.

*Alle er hjarteleg velkomne!
Sør-Fron sokneråd*

**RAKING PÅ KYRKJEGARDEN
LAURDAG 27. APRIL KL. 10.00**

Vi vil alle at kyrkjegarden skal vera velstelt
og stå fram som ei stoltheit for bygda.
Difor håper vi at mange har høve til å vera
med på dugnad **laurdag 27. april.**

Ta med rive, arbeidslyst og godt humør.
Etter at arbeidet er utført, serverer diako-
niutvalget kaffe og biteti i kapellet.

Vel møtt

**HØGSTDAGSBØNN
I SØR-FRON KAPELL**

Onsdag	20.februar	kl.12.00
Onsdag	17.april kl.	12.00
Onsdag	29.mai kl.	12.00

**ANDAKT PÅ
SØRHEIM OMSORGSSENTER**

Torsdag	21.februar	kl.12.00
Torsdag	7.mars	kl.12.00
2.påskedag	1.april	kl.11.00
Torsdag	25.april	kl.12.00
Torsdag	30.mai	kl.12.00
Torsdag	13.juni	kl.12.00

Påska i Sør-Fron

*Vi ønsker velkommen til gudstjenester
og samvær i påsken.*

PALMESØNDAG

Sør-Fron kirke kl. 11.00

Gudstjeneste
Svein Oden deltar med kornett

SKJÆRTORS DAG

Sør-Fron kirke kl. 18.00

Skjærtorsdagsgudstjeneste
Etter gudstjenesten ønsker vi alle
velkommen til
felles kveldsmat i kapellet
Kr. 30 pr. person

LANGFREDAG

Sør-Fron kirke kl. 11.00

Langfredagsgudstjeneste
Sang v/ Kristin Elde

Espedalen Fjellkirke kl. 20.00

Påsken i ord og toner.

1. PÅSKEDAG

Sør-Fron kirke kl. 11.00

Høytidsgudstjeneste
Henry Eggen deltar med trombone

2. PÅSKEDAG

Sørheim Omsorgsenter kl. 11.00

Nattverdsgudstjenest

FASTEAKSJONEN 2013

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 17.-19. mars

Konfirmantene vil gå fra dør til dør tirsdag
19. mars fra kl. 17.00 og utover. Hvis du ikke er
hjemme kan du gi ditt bidrag på andre måter:

- Benytte kontonummer 1594 22 87493
- Sende **GAVE** på sms til **2468** (200 kroner)
- Ringe givertelefon **820 44 088** (200 kroner)

Vi møter hverdagshelter i Kirkens Nødhjelps pro-
sjekter over hele verden. Dette er mennesker som

er født på feil side av urettferdigheten. Men de
vil forandre verden, og de vet hvordan. De er for-
bilder. Med årets fasteaksjon vil Kirkens Nødhjelp
fortelle historiene til noen av disse forbildene.
Vårt arbeid bygger på deres kunnskap og enga-
sjement. De sikrer bærekraftige løsninger som er
forankret i lokalsamfunnet. De får det til! Støtten
fra norske menigheter gir forbildene mulighet til å
skape virkelig og varig forandring. For seg selv, for
andre og for hverandre.

Pengene som samles inn går til Kirkens Nød-
hjelps arbeid over hele verden.

Slekters gang

DØPTE:

02.12.12	Leanna Svendsen Nystrand	f. 11.08.12
02.12.12.	Nathalie Zetlitz Aspen	f..05.06.12
02.12.12	Aleksander Marton Syverhuset	f .21.06.12
02.12.12	Simen Elias Skårvold	f .23.08.12
17.02.13	Amalie Yung Isumhaugen	f. 30.09.12

VIGDE:

02.02.13	Marit Nordlien og Jørgen Forreløkken Randi Marie Grotheim Steig og Stein Arve Solås
----------	---

GRAVFERD:

06.12.12	Klara Furuli	f. 1922
12.12.12	Oddmund Heggelien	f. 1916
23.12.12	Annie Therese Hovind	f. 1928
25.12.12	Torhild Dundrud	f. 1931
28.12.12	Mildrid Høvik	f. 1931
02.01.13	Sverre Iversen	f. 1923
05.02.13	Sverre Bjørkli	f. 1919
23.01.13	Frode Haverstad	f. 1971
03.02.13	Josef Baukhol	f. 1930
05.02.13	Arne Fougner Trønnes	f. 1946

*Redaksjonen av
Kyrkjebladet
ønsker alle leserene
En Riktig god
Påske!*



TIL TJENESTE

Kirkekontoret:

Kirkekontoret i Sør-Fron
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron.
Telefon: 61 29 92 30. Fax: 61 29 92 31.
E-post: kirkekontoret@sor-fron.kommune.no

Kontortider:

Tirsdag, onsdag torsdag og fredag kl. 10.00–14.00.

Sogneprest:

Magnar Elde.
Bergevegen 23, 2647 Sør-Fron. Tlf. arbeid: 61 29 92 32.
Privat: 61 29 64 66. Mobil: 48 00 61 02
E-post: magnar.elde@sor-fron.kommune.no

Organist:

Sergey Shulga, Oddvar Nygaardsvog 14, 2647 Sør-Fron
Tlf. arbeid : 61 29 92 33. Mobil: 97 53 71 95
E-post: sergey.shulga@sor-fron.kommune.no

Kirkeverge:

Bjørg Sørjordet, Torehaugveien 10, 2640 Vinstra
Tlf. arbeid: 61 29 92 30. Mobil: 95 84 27 85
E-post: bjorg.sorjordet@sor-fron.kommune.no

Kirketjener:

Arild Larshaugen, Nordre Liaveg 320, 2647 Sør-Fron
Tlf: Sør-Fron kirke 61 29 71 31. Mobil: 91 79 92 20.
Espedalen Fjellkirke: Arnt Ove Voldbakken
2658 Espedalen. Mobil: 97 95 05 42.
E-post: arnt@dalseter.no

Klokker:

Synøve Barlund Fladby, Sigurdvegen 36, 2647 Sør-Fron
Tlf. arbeid: 61 29 92 35. Mobil: 97 72 44 49
E-post: synove.barlund.fladby@sor-fron.kommune.no

Menighetspedagog:

Hanne Elisabeth Knutsen, Stuguvollv. 23, 2647 Sør-Fron
Tlf. arbeid 61 29 92 34. Mobil: 95 21 93 76
E-post: hanne.knutsen@sor-fron.kommune.no

Sør-Fron sokneråd:

Leder: Kristian Haave, Kongsv. 532, 2647 Sør-Fron
Tlf. 90 64 79 15 - E-post: kri-haa@online.no
Nestleder: Synnøve Bø Hansen, Flatmosvingen 5,
2647 Sør-Fron
Tlf. 95 70 38 55 - E-post: synnove.b.hansen@online.no
Helen Svelle, Edda Borgen, Karl Olsen, Tine Elisabeth Slang,
Ivar Hovden og Berit Brenden Bredeli

Vararepr.: Aud Elinor Moheim, John Arne Fossehagen,
Inger Elisabeth Pedersen, Jens Ove Isumhaugen
og Nils Martin Voldberg

SØR-FRON KYRKJEBLAD

Sør-Fron Kyrkjeblad kommer ut med 4 nummer pr. år.
Det deles ut til alle husstandene i kommunen.
Minste kontingent er kr. 100,-.
I redaksjonen: Karl Olsen, Gudveig Rønn og Sognepresten.
Bankgirokonto: 2095.21.81263

Grafisk produksjon og ekspedisjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri as, 2635 Tretten.
Tlf. 61 27 73 50 - Fax: 61 27 73 51
www.dg-trykk.no

Besøk vår hjemmeside:
www.kirken.sor-fron.no

Stoff til kyrkjebladet sendes redaksjonen
eller ring telefon 61 29 92 30.
Stoff kan også sendes på mail:
prestekontoret@sor-fron.kommune.no

Velkommen til kirke

17.mars - Maria Budskapsdag

Lit.farge: Hvitt

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste

Palmesøndag – 24.mars

Lit.farge: Fiolet

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Palmesøndagsgudstjeneste

Skjærtorsdag – 28.mars

Lit.farge: Fiolet

Sør-Fron kirke kl.18.00: Skjærtorsdagsmesse.

Alle er velkommen til kveldsmat i kapellet etter gudstjenesten.

Langfredag – 29.mars

Lit.farge: Fiolet

Sør-Fron kirke kl.11.00: Langfredagsmesse

Langfredag – 29.mars

Lit.farge: Fiolet

Espedalen Fjellkirke kl.20.00. Påsken i ord og toner

Påskedag – 31. mars

Lit.farge: Hvitt

Sør-Fron kirke kl.11.00: Høytidsgudstjeneste

2.påskedag – 1.april

Lit.farge: Hvitt

Sørheim omsorgssenter kl.11.00: Gudstjeneste

7.april – 2.s. i påsketiden

Lit.farge: Hvitt

Sør-Fron kapell kl. 18.00: Menighetens årsmøte

14.april – 3.s. i påsketiden

Lit.farge: Hvit

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste

21.april – 4. s. i påsketiden

Lit.farge: Grønn

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Vårnmesse

28.april – 5. s. i påsketiden

Lit.farge: Hvitt

Sør-Fron kirke kl.11.00: Gudstjeneste

1.mai – Offentlig høytidsdag

Lit.farge: Grønn

Sør-Fron kirke kl.11.00: Solidaritetsgudstjeneste

5.mai – 6. s. i påsketiden

Lit.farge: Hvitt

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Samtalegudstjeneste

9.mai – Kristi himmelfartsdag

Lit.farge: Hvitt

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Gudstjeneste

12.mai – Søndag før pinse

Lit.farge: Hvitt

Espedalen Fjellkirke kl.11.00: Gudstjeneste

17.mai – Grunnlovsdagen

Lit.farge: Grønn

Sør-Fron kirke kl. 11.00: Festgudstjeneste

Pinsedag – 19.mai

Lit.farge: Rød

Sør-Fron kirke kl.11.00: Konfirmasjon

26.mai – Treenighetssøndag

Lit.farge: Hvitt

Sør-Fron kirke kl.11.00: Gudstjeneste

Ved forandring, se annonse i GD.

KIRKESKYSS

Hvis du ønsker skyss til gudstjeneste eller høgstdagsbønn, kan du ringe til:

Gunnar Molvik 61 29 81 56 - 48 21 71 27

Du kan også ringe kirkekontoret i åpningstida på telefon 61 29 92 30,
eller Synøve 97 72 44 49.

Kirkeskyssen koster kr. 30,- tur / retur.

Diakoniutvalget

PYNTING OG STELL AV GRAVSTEDER

ARNE SLÅEN fra Harpefoss

tar på seg planting og stell av graver på Sør-Fron kirkegård.

Han har adresse: Skrangelliveien, 2647 Sør-Fron.

Tlf. 61 29 81 70 / 99 29 81 70